

## **Ettersending av dokument til formannskapet 03.11.2015**

Vedlegg til PS 164/15 – Fagforbundet Møre og Romsdal. *Endring i samarbeidsavtale – samhandlingsreforma. 20.08.2015*

Fylkesmannen i Møre og Romsdal. *Volda formannskap – lovleg val? 03.11.2015*



Til  
Kommunane og Helseføretak i Møre og Romsdal  
V/ Ordførar og rådmann

Molde 20.08. 2015

### **Endring i samarbeidsavtale – samhandlingsreforma**

Fagforbundet Møre og Romsdal registrerer at Overordna Samhandlingsutval for Samhandlingsreforma, har sendt ut forslag til ny samarbeidsavtale mellom Kommunane og Helseføretaket i Møre og Romsdal. Forslaget vil innebære ein reduksjon av tillitsvalte til Overordna samhandlingsutval, ingen representasjon i Lokal samhandlingsutval.

Dette forslaget vil ha konsekvens for representasjon, og intensjon som låg til grunn i Felleserklæringa (inngått mellom partane i arbeidslivet.)

Fagforbundet Møre og Romsdal registrerer at det i forslag til ny avtale på representasjon i dei 4 lokale samhandlingsutval ikkje skal vere representert av arbeidstakarorganisasjonane. Grunnlag i forslag – Lokale samhandlingsutval skal vere ”fagutval” , og behandlar ikkje saker som vedgår dei tilsette.

Fagforbundet Møre og Romsdal reagerer sterkt på at arbeidsgivar arbeider for å fråvike intensjonen i organisering av Samhandlingsreforma.

Hovudavtalen i SPEKTER og KS er lagt til grunn i avtalen (felleserklæringa). Dei to Hovudavtalane regulerer rammene for samarbeid og medbestemmelse i dei enkelte tariffområde. At dei tillitsvalte ikkje lengre er representert er ei heilt klart brudd på hovudavtalane.

KS har fått ei sterkare presisering om representasjon av tillitsvalte der fleire kommunar samarbeider om felles sak (Hovudavtalen DEL B. § 1-4-3 Kommunal samhandling/ interkommunalt samarbeid) . Vil elles minne om §1 Formål, samarbeid og medbestemmelse

Samarbeidsavtalen frå overordna samhandlingsutval som kommunane skal vedta, ligg bla. oppgaver til lokale samhandlingsutval.

**Kapittel 4 Lokale samhandlingsutvalg.** Lokale samhandlingsutvalg er partsammensatte utvalg mellom Helse Møre og Romsdal HF og kommunene i Møre og Romsdal.

*Det skal være fire utvalg, et for hvert sykehusområde.*

*Oppgaver*

- 1. Iverksette godkjent kompetanseplan*
- 2. Medvirke til utvikling og spredning av lærings-og mestrings tiltak i kommunehelsetjenesten*
- 3. Iverksette lokal implementering av faglige retningslinjer og pasientforløp mellom helseføretaket og kommunehelsetjenesten.*
- 4. Arbeide aktivt for en felles kultur for læring, forbedring og fagutvikling.*
- 5. Ansvarlig for å arrangere faste samarbeidsmøter mellom sykehuset og kommunene.*
- 6. Bidra til utvikling av og spre gode modeller for samhandling.*



## FAGFORBUNDET

*Møre og Romsdal*

7. *Ha en oppdatert oversikt over ulike samhandlingsprosjekt i sitt nedslagsfelt*
8. *Utveksle gjensidig kunnskap om de utfordringene tjenestene står overfor.*
9. *Holdes orientert om årlig status på avvik og avviksregistrering. Motta til orientering oversiktsrapport over avvik i samhandlingsområdet.*

*10. De lokale samhandlingsutvalg skal holde Overordnet samhandlingsutvalg orientert om sin virksomhet/faglige utfordringer i samhandlingsområdet*

Slik Fagforbundet tolkar forslag til ny samarbeidsavtale mellom Helseforetaket og kommunane i Møre og Romsdal, bryter dette forslag med intensjonen i felleserklæringa.

Fagforbundet vil minne om at det skal drøftast / forhandlast om representasjon i desse utvala (Hovudatalen).

Helseforetaket og kommunane kan ikkje einseitig endre dei inngåtte avtalar, det er det den enkelte arbeidsgivarområde som kan.

Vil også minne om at møte i Overordna samhandlingsutval ikkje har mynde til å drøfte/forhandle.

Fagforbundet Møre og Romsdal ber Helseforetak og kommunane oppretthalde den representasjon ein har i dag.

Fagforbundet Møre og Romsdal

Mariann Brandstad  
Fylkesleiar

Kopi til fagforeningene

## Sonja Håvik

---

OS -

**Fra:** Inger-Johanne Johnsen  
**Sendt:** 3. november 2015 08:59  
**Til:** Sonja Håvik  
**Emne:** VS: Volda formannskap - lovleg val?

---

**Fra:** Mogstad, Helge [<mailto:fmmrhemo@fylkesmannen.no>]  
**Sendt:** 3. november 2015 08:38  
**Til:** Inger-Johanne Johnsen  
**Emne:** SV: Volda formannskap - lovleg val?

Hei

Kravet om kjønnsmessig balanse relaterer seg til listene, ikkje til det politiske utvalet. Når den raudgrøne alliansen får fem representantar i formannskapet, skal det vere minst 2 av kvart kjønn frå denne lista. Så dette ser vel greit ut.

Godt val

Med helsing

Helge Mogstad  
Direktør  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal  
Tlf 71258444 / 92642280  
e-post: [helge.mogstad@fylkesmannen.no](mailto:helge.mogstad@fylkesmannen.no)

---

**Fra:** Inger-Johanne Johnsen [<mailto:Inger.Johanne.Johnsen@volda.kommune.no>]  
**Sendt:** 2. november 2015 15:02  
**Til:** Mogstad, Helge <[fmmrhemo@fylkesmannen.no](mailto:fmmrhemo@fylkesmannen.no)>  
**Emne:** Volda formannskap - lovleg val?

Hei!

Kommunestyret valde sist torsdag nytt formannskap for perioden 2015-2019. Formannskapeet i Volda har 9 medlemmer

Det var i alt 4 ulike lister: 3 reine partilister (Krf, FrP, Høgre) og 1 samarbeidsliste (AP, SV, SP, V og Miljøpartiet Dei Grøne)

Enkelte politikarar frå opposisjonen har reist spørsmål om det nye formannskapet er lovleg samansett med tanke på kjønnsmessig representasjon (dette gjeld lista frå dei Grøn/raude (AP, SV, SP, V og MDG)) Dette skaper også ei viss usikkerheit hos dei som blei vald inn i formannskapet frå denne lista. Rådmannen har derfor bedt meg kontakte fylkesmannen for å få ei stadfesting på at valet er gjort rett jf KL § 37.

M.a.o: Er valet av nytt formannskap i Volda rett/lovleg m.t. p. kjønnsmessig balanse: Er det tilstrekkeleg at dei Grøn/Raude har kjønnsmessig balanse på si liste, eller plikter dei Grøn/Raude å sette kvinner på dei øverste plassene, slik at formannskapet totalt sett får kjønnsmessig balanse? FrP, KrF og Høgre har ikkje fleire kvinner blant sine faste representantar i kommunestyret enn det som framgår av listene deira.

Eg legg ved dei fire vallistene til formannskapet og melding om vedtak.

Formannskapet sitt første møte er allereie i morgon kl 14:00 (torsdag 3. november), så det hadde vore fint om vi fekk svar innan møtestart.

Mvh



**Inger-Johanne Johnsen**

*sektorsjef  
kultur og service  
Tlf 959 01 061*

[www.volda.kommune.no](http://www.volda.kommune.no)